

Sakspapir

Saksbehandler	Arkiv	ArkivsakID
Lin Tove Thomassen	FE-033	23/269

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
039/2023	Kommunestyret	PS	07.09.2023

Orienteringssaker

Underliggjande saker:

Saksnummer	Tittel
039/2023.1	Ny samarbeidsavtale for Syns- og audiopedagogisk tjeneste

Forslag til vedtak:

Sakene vert tekne til orientering

Saksopplysningar:

Kommunestyret - 039/2023

KS - behandling:

Ordførar orienterte om:

-Statnetts arbeid med ny transformatorstasjon. NVE reknar ikkje med å handsame saka før over nyttår.

Drøfting i kommunestyret;

Innlegg frå Kristin Nåmdal om at det er viktig å påverke korleis dette blir sjåande ut og at kommunen får ein best mogleg løysing. Innlegg frå fleire: Viktig at nytt kommunestyret følgjer dette opp.

Lysforureining er også viktig punkt.

-Status fisketrapp - Tilbakemelding frå Eviny fornybar om forsøk for å sjå opp- og nedvandring med smolt. Eviny har engasjert Norconsult og Norce til gjennomføring av prosjektet.

Drøfting i kommunestyret; Viktig at grunneigarlag og elveigarlaget vert påkobla i denne prosessen.

-Status vilkårsrevisjon: NVE reknar med å ferdigstille sitt arbeid hausten 2024. Vert så sendt til OED.

Handsaming i OED er rekna til å ta minst eit år.

-Konstituerande kommunestyremøte 19. oktober

Teknisk sjef orienterte om:

-Sti til dagsturhytta - planlagt arbeid for 2023 er snart ferdig. Gjenstår ca to dagers arbeid i slutten av september.

-Ras på veg inn til Trohaugen. Kommunen har samarbeida med grunneigar og geolog om oppfølging av dette. Vegen er anbefalt stengd i påvente av evt tiltak. Kommunen ventar rapport frå geolog i løpet av veke 37.

-Oppgradering og investering knytt til nytt bowlingannlegg

-Kyrkjelydtomta. Skisseprosjektet ligg ute og det er nokon som har tatt kontakt, og grunna tilbakemeldingar har ein utsett fristen for å levere inn tilbod

Ass. rådmann orienterte om:

-Oppvekstplan

-Status busetting flyktningar

Rådmann orienterte om:

-Folkevaldopplæring 15. og 16. november. Førespurnad om å inkludere og invitere kontrollutval, råd for eldre og funksjonshemma og ungdomsrådet i folkevaldopplæringa

-Brev frå SAPT: Samarbeidsavtalen vart vedteke av kommunestyret i mars 2023. Det kom undervegs i møtet spørsmål om oppfølging lokalt av denne målgruppa og tilbodet knytt til innbyggjarar over 70 år som treng bistand. Kommunen må lage interne rutiner i høve ansvarsfordeling og kven som har kompetanse til å følgje opp dei innbyggjarane som treng det.

-Orientering om prosjekt "Arbeid til alle" kjem under eiga sak 041/2023

Merknad frå kommunestyret:

- Leige av kommunale møterom og vedtak om satsar; det skal vere moglegheit for å leige møterom brannstasjonen.

- Manglar skjerm til møtebruk i samfunnshuset på Øvre Helland.

Spørsmål om prosess for å få på plass betalingsordning for ladestasjonar. Må handsamast i samanheng med budsjettprosessen i haust.

Samrøystes vedteke

KS - vedtak:

Sakene vert tekne til orientering